



Gilbert Totland  
Morvikbotn 276  
5122 MORVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/173 - 16/2145

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
04.02.2016

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 68/20 Bruknapp

**Tiltakshavar:** Gilbert Totland  
**Ansvarleg søkjar:**  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1.

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om løyve til tiltak den 18.01.2016.

Søknaden gjelder rammetillatelse for oppføring av flytebrygge og reiskapsbu.

Flytebrygge er i utgangspunktet eit tiltak med ansvarsrett. Det vil seia at eit godkjent føretak skal søke på vegne av deg. I søknaden har du sjølv bedt om å stå ansvarleg for søknaden. Vi vurderar at det ikkje er nødvendig med ansvarsrett for tiltaket. Vi kan difor unnta deg frå kravet om ansvar og kontroll etter plan- og bygningslova § 23-1 siste ledd.

### Mottakskontroll

Kommunen har hatt ein førebels gjennomgang av søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4:

1. Det er søkt om dispensasjon frå arealdelen kommuneplanen 2011-2023, pkt. 1.10 vedrørande reiskapsbua. I same plan følgjer det av pkt. 2.21:

«Det kan utan reguleringsplan gjevast løyve til mindre tiltak etter pbl § 20-2 bokstav a på eksisterande fritidseigedomar når samla utbygging er innafor dei grensene som er fastsett nedanfor. Bygd areal (BYA) skal ikkje overstige 20 %. Samla bruksareal (BRA) for bustad, garasje og uthus skal ikkje overstige 120 m<sup>2</sup>.»



Det må opplyst om samla BRA og BYA samt utnyttingsgrad av eigedomen saman med den tiltenkte reiskapsbua. Vedlegg til Byggblankett 5174, Blankett 5175, kan benyttast. Blanketten er tilgjengeleg på dibk.no. Om BRA overstiger 120 m<sup>2</sup>, vil det vere behov for å søkje om dispensasjon for reiskapsbua. Ein eventuell dispensasjonssøknad vil behandlast når den kjem inn.

**BYA** er bygd areal i m<sup>2</sup> eller i % av tomtearealet. Det vil seia «fotavtrykket» av bygningar og av (delar av) terrassar som er meir enn 0,5 meter over bakken.

**BRA** er bruksareal er arealet av bygningar innafor ytterveggane i alle etasjar.

Dersom du har takstrapport for eigedommen, finn du truleg arealoppgåver der.

2. Situasjonsplanen må vise avstand til nabogrense som skal målast frå boden til nabogrense. Til orientering, så kan boden på 3\*3 m plasserast inntil 1 m frå nabogrense og annen bygning på eigedomen. Bodene må ikkje plasserast over andre sine leidningar i grunnen.
3. Det er søkt om dispensasjon frå kommuneplanen 2011-2023, pkt. 6.2 vedrørende flybrygga. I utgangspunktet er administrasjonen positive til ei flytebrygge på eigedommen. Dette fordi det er opplyst at eigedomen sin einaste tilkomst er via sjø. Vi er ikkje positive til størrelsen på flytebrygga. Ei flytebrygge på 3\*8 vurderast som unødvendig stort for sitt formål som er å betene ein eigedom. Den kan også virke stor og ruvande sett frå farleia. Vi kan i utgangspunktet vere positive til ei mindre bryggje, til dømes 2\*6 meter, som vi tenkjer vil ivareta nødvendig tilkomst til eigedomen.
4. Landgangen må målsettast.
5. Det må leverast teikningar av den nye flytebrygga samt av landgangen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 19.02.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Kommunen gjer merksam på at lista over manglar ikkje er uttømmende. Søknaden bør gjennomgåast på nytt før innsending av den etterspurte dokumentasjonen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Gilbert Totland

Morvikbotn 276 5122

MORVIK